

LARS ALVÆR HAGESÆTER  
APALEN 16  
5915 HJELMÅS

---

<b>Dato</b>	09.06.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/51321-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Tone Bøyum
<b>E-post</b>	Tone.Boyum@vlfk.no
<b>Telefon</b>	47781807

## Førehandstilsegn - Avkjørsel - Fv 5458 Stranda - Gnr. 13 bnr. 8 - Alver kommune

Vi viser til søknad mottatt 12.04.2022.

### Saka gjeld

Det er søkt om endring og utbetring av avkjørsle frå fylkesveg 5458 Stranda til eigedomane gnr. 13 bnr. 8 og 12 i Alver kommune.

Dagens avkjørsle har ei trafikkfarleg utforming, og det er søkt om å utbetre lengdeprofilen slik at tilkomstvegen ikkje vert så bratt. Tiltaket inneber mellom anna å rive dagens garasje, samt mure opp slik at tilkomstvegen vert meir i plan med fylkesvegen.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til flytting av avkjørsle frå fylkesveg 5458 til eigedomen gnr. 13 bnr. 8 og 12 i Alver kommune.

Avkjørsla er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

### Vilkår for løyvet

1. Avkjørsla skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 23.03.2022. I tillegg skal ein følgje krava gitt i *Prinsippskisse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld eksisterande bustad på gnr. 13 bnr. 8 og bnr. 12 i Alver kommune.
3. Krav til utforming av avkjørsla kjem fram av prinsippskisse som er vedlagt. Vi vil særleg vise til punkt som gjeld krav til frisikt;
  - *Frisikt 1,1 meter over bakken skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebana frå eit punkt 4 meter inn i avkjørsla. Sikthindrande element som hekk kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter i frisiktsona.*

4. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
5. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsla, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
7. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsla* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsla* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi meiner at utbetring av avkøyrsla vil krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve, og at søkjar må avklare dette før arbeid med avkøyrsla vert sett i gong. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 400 ÅDT. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. Rammeplan (2021 - 2024).

Det er søkt om utbetring av ei eksisterande avkøyrsla som i dag har ei trafikkfarleg utforming. Det vil vere ein stor fordel for trafikktryggleiken på staden at avkøyrsla vert utbetra.

Utfordring på denne strekninga er at fylkesvegen er svært smal og at terrenget er sidebratt. Snu- og parkeringsareal vil ligge tett på fylkesvegen. Søkjar har sjølv ansvar for at det ikkje vert gravd i eventuell fylling som tilhøyrer fylkesvegen, og elles sørge for stabile forhold.

Granhekken langs fylkesvegen vert fjerna for å oppnå betre sikt. Ulempa med dette er at det kan oppstå behov for å sikre fylkesvegen og tomte for å unngå uhell og utforkøyringar. Dette forholdet må vurderast etter vanlege reglar når arbeidet med avkøyrsla og snu- og manøvreringsareal er ferdig.

For forhold som gjeld oppføring av murer mm, så må dette avklarast med Alver kommune.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
senioringeiør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Tone Bøyum**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*

**Vedlegg**

**1 Prinsippskisse - Alver, gnr 13 bnr 8 og 12 - Fv. 5458 Stranda**

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

Vestland fylkeskommune sitt saksnummer: 2022/5132

### Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fylkesveg 5458 Stranda til eigedomen gnr 13 bnr 8 og 12, vår FV5458 K S1D1 m7217, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 09.06.2022.

.....  
Sted/dato

underskrift søkar/grunneigar

.....  
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN